

Falle – og reise seg att?



Kan vi alltid reise oss opp igjen når vi fell? Kan vi bli som barn igjen og lære oss å gå på nytt? Diktet «Reise seg» er skrevet av forfatteren Marie Takvam. Det er frå samlinga *Falle og reise seg att* frå 1980:

Reise seg

Den som aldri har lege oppskrubba i utforbakkar,
aldri har halta med gips rundt ankelen,
aldri falle for smil frå lepper
som løynde hoggtenner og blitt oppgnaga nær inntil døden
aldri har vandra i glede mot utstrekke hender
som greip hardt og slo – funne seg liggande i blod
einsam på jorda,
aldri har gått seg vill i skremmande skogar
på leiting etter ein blome med ukjent namn
aldri har stuft i trapper av rusgifter
og svimla i svermar av ukjende stjerner,
har aldri kjent den umåtelege glede
ved å kunne reise seg att, falle og reise seg att,



finne att den første veldige siger langt, langt
tilbake i ein barndom som tida har raka oske over.

Som eingong langt tilbake i urtida, kravlar
eg meg opp på jorda att, først på hender og kne
så står eg på eigne føter og kan gå!

Ordforklaringar:

løynde: skjulte

siger: det å vinne (bokmål: seier)

oske: avfallsstoff etter forbrenning (bokmål: aske)

Oppgåver til samtale om diktet

- 1: Kva for ulike fall viser diktet til? Kva for fall synest du verkar som det eller dei mest smertefulle? Tolkar du det å falle heilt konkret, eller kan det bety fleire ting i dette diktet?
- 2: Korleis tolkar du det å gå seg vill «i skremmande skogar / på leiting etter ein blome med ukjent namn» og det å svimle «i svermar av ukjende stjerner»? Kva for bilete gir metaforane av det å falle?
- 3: Vidare seier diktet at den som aldri har falt, aldri har kjent gleda over å kunne reise seg igjen. Diskuter dette: Er det sant at ein må falle for å kunne reise seg? Kva er fint med å tenke slik? Og kva er problematisk? Finst det fall ein aldri kan reise seg frå?
4. Mot slutten av diktet finn vi to språklege bilete på det å reise seg etter eit fall: å reise seg som eit barn, og å reise seg som eit dyr som kravlar seg opp på land i urtida. Kva synest du om desse samanlikningane? Kan eit vakse menneske reise seg på den måten som diktet skildrar?
- 5: Sonen til forfattaren Marie Takvam heiter Magnus Takvam. Han er journalist og kanskje mest kjent som politisk kommentator på NRK, men han har også skrive ein biografi om Marie Takvam. I biografien *Hun skrev for å kunne leve. Min mor, Marie Takvam* (2021) skriv han mellom anna om mora sine psykiske vanskar og alkoholmisbruk. Om diktet «Reise seg» skriv han:

For meg er dette Maries programdikt over sitt eget liv og sitt eget ekteskap ti år etter skilsmissen. For andre er dette et dikt som gir håp om at det alltid er en vei ut av mørke og fortvilelse, og at et liv uten konflikt og sorg er et falskt liv. Det er denne lesemåten som gir det verdi for andre, løsrevet fra hennes egen biografi. For meg blir diktet derimot en del av hennes selvbedrag: Kun den som har valgt et liv i rus og fornedrelse, har levd et ekte liv og kan kjenne gleden over å bli fri og reise seg igjen. Jeg opplevde aldri noen gang at hun reiste seg og kunne gå videre som et barn igjen. (Takovam, 2021, s. 61).

Kva for to måtar å forstå diktet på, presenterer Magnus Takvam? Endrar sitatet over forståinga di av diktet på nokon måte? Kan begge lesemåtane som Takvam presenterer, vere sanne samtidig, eller meiner du den eine er meir riktig eller sann enn den andre?

- 6: Kan du finne andre måtar å forstå diktet på enn dei to som Magnus Takvam presenterer?

